

# BØ KOMMUNE

«Sse\_Navn»

Saksbeh.: «Sbr\_Navn»  
Innvalsnr.: «Sbr\_Tlf»  
Kontoradr.: «Sse\_Adr»  
Tlf. etaten: «Soa\_Tlf» faks:«Soa\_Fax»

Arbeids og inkluderingsdepartementet  
Postboks 8019 Dep.

0030 OSLO

## ADMINISTRATIV LEIING

Dato: 20.03.2009  
Arkivnr.: RP-  
Vår ref.: 09/66-15

## SVAR FRÅ BØ KOMMUNE PÅ HØYRING OM LOV OM SOSIALE TENESTER I ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN

Vedlagt følgjer særutskrift av sak 10/09 i HS-utvalet i Bø kommune Bø i Telemark.

Når det gjeld svaret på høyringa er kommunen oppteken av to tilhøve.

1. Den økonomiske situasjonen for kommunen  
Vårt hovudpoeng er frykt for at den vanskelege situasjonen på arbeidsmarknaden som har kome dei siste månadene kan føre til at dei kommunale utgiftene til sosialstønad går opp fordi arbeidet med å få personar over frå passiv sosialstønad og til aktive tiltaksordningar vert nedprioritert. Vi oppfattar både uttalane frå politisk leiing og administrativ leiing i NAV slik at det er grunn til uro.  
I tillegg ser vi at den nye ordninga i seg sjølv fører til auka kostnader for kommunen fordi vi nå må følgje opp auka kostnader i høve til husleige og driftskostnader tilpassa det statlege nivået, som i parentes ligg godt over det kommunale.
2. Vi stiller spørsmål ved formuleringa "Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen" i lovframlegget i høve til korleis folk flest vil oppfatte det.

Elles viser eg til særutskrifta.

Brevet er også sendt pr. e-post.

Med helsing

Helge Vreim  
Kommunalsjef

Kopi til:  
Kolbjørn Sandsdalen                      Stasjonsvegen 14      3800      BØ I TELEMARK

